



VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Finansdepartementet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

THUREI - 15/4207

Arkiv:

232

Vår dato:

15.09.2015

Høyringssak Egedomsbeskatting av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Vedlagt følger utskrift fra møte i Vang formannskap 03.09.15

Med helsing

For

Reidar Thune

rådmann

Dir. tlf.: 61369412

E-mail: reidar.thune@vang.kommune.no

Anne Kari Tveit Søndrol
sekretær

Kopi til:

LVK

Side 1 av 4

SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarleg
Formannskapet	03.09.2015	028/15	THUREI

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
14/303	15/3826	232	Reidar Thune

Høyringssak Eigedomsskatt av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Saksopplysninger:

Finansdepartementet har med høyringsbrev datert 18.juni 2015 sendt ut framlegg til endring av eigedomsskattelova. Høyringsfristen er sett til 18.september.

Eigedomsskatt kan skrivast ut etter ulike alternativ. Endringsframlegget her gjeld alternativet «verk og bruk». Konkret gjeld endringa arbeidsmaskiner mv.

Etter noverande rett skal maskiner innan verk og bruk takast med i taksten når desse er å sjå «som ein part av sjølve foretaket». Sagt med andre ord skal integrerte anleggsdelar takast med, men ikkje det som er å sjå som lausøre.

Departementet har sendt ut på høyring to alternativ(jfr. vedlegg med fullstendig tekst):

1. som inneber at produksjonsutstyr(maskiner mv.) og installasjonar skal ut or takstgrunnlaget for eigedomsskatt.
2. som fyrst frittek produksjonsutstyr for eigedomsskatt, men går vidare til også å fjerne verk og bruk som eigen utskrivingskategori. Slike eigedomar vil her bli å beskatte som alminneleg næringseigedom.

For baa alternativ gjeld at eigedomsskatt på vannkraftanlegg ikkje skal påverkast av endringane.

Departementet har eit anslag på at endringane vil gje tapte eigedomsskatteinntekter til kommunane på 1,2 milliardar.

KS har på grunnlag av spørreundersøking til kommunane ifm. høyringa eit anslag på 1,5- 2 milliardar i tapte inntekter til kommunane.

Det vil sjølvstakt bli ein tilsvarande lette i skatt for bedriftene.

Bedriftene kan trekke frå eigedomsskatten i den ordinære bedriftskattelegginga. Mindre eigedomsskatt fører såleis til mindre frådrag. Selskapsskatten, som går til staten, vil følgeleg auke med frå 300- 500 mill. alt etter kva av dei to anslaga ein legg til grunn.

For Vang kommune sin del som kun har eigedomsskatt på verk og bruk, vil endringa føre til redusert inntekt på grunn av bortfall av maskiner mv. (herunder liner/kabelanlegg) med ca 800.000 kr. Dette svarar til om lag 10 % av samla inntekt.

Vurdering:

Rådmannen ser dette endringsframlegget som eit nytt angrep på eigedomsskatteinstituttet og i praksis den einaste frie kommunale beskatningsretten: Argumentasjonen går ikkje minst på at dagens ordning er komplisert, krevjande og fører til mange rettssaker. Etter rådmannen sitt syn er det slik at dagens reglar trass alt er rimeleg godt innarbeidde. Det synest ikkje å vere dokumentert at det er fleire rettstvistar knytt til eigedomsskattelova enn andre skattelover. Til sist, men ikkje minst står det att å sjå om eventuelt nye reglar faktisk betyr ei forenkling og mindre behov for å utvise skjønn i lovbruken.

Det er sjølvsagt positivt at sjølve vasskraftanlegga/ kraftverka ikkje skal omfattast av endringane. Men kraftliner som altså etter framlegget fell ut av takstgrunnlaget, har både stor verdi (stort inntektstap) og utgjør vesentleg negativt miljøinnslag. Også kompensasjonen for slike liner var ein naturleg del av vurderinga om kor vidt kommunen skulle gå inn for utbygging av vassdraget og tillate bygging av overføringsliner. Om delar av grunnlaget for eigedomsskatt her fell bort, så er dette i praksis eit brot på samfunnskontrakta om å takke ja til nokon ulemper mot å få ein forutsigbar kompensasjon.

Det er etter rådmannen sitt syn viktig å halde på eigedomsskatten slik prinsippa for denne skatten er: Det er ein objektskatt som skal beskattast der objektet faktisk er. Dette er med på å gje ein andel av verdiskapinga nettopp til lokalsamfunnet medan storsamfunnet for øvrig får krafttilgang som grunnlag for utvikling på det viset.

Rådmannen oppfattar at regjeringa med dette endringsframlegget vil redusere skattebelastningen til mindre verk og bruk (bedrifter). Kommunane på si side som får tilsvarande inntektstap, må sjå på korleis ein slikt inntektstap kan kompensast. Eit nærliggande alternativ for kommunen kan vere å innføre eigedomsskatt på alle næringseigedomar. Om så skjer, vil konsekvensane av regjeringa sitt framlegg bli redusert eigedomsskatt for nokon, men ny/ utvida skatt for langt fleire.

Framlegg til vedtak:

1. Vang kommune går imot framlegget i høyringsbrev frå Finansdepartementet datert 18.06.2015 og ber om at framlegget blir trekt.
2. Vang kommune meiner at eksisterande eigedomsskatteleggingar er tenelege og godt utforma for å følgje opp samfunnskontrakten ifm. utbyggingssaker, det vil seie å sikre at lokalsamfunnet får ein del av verdiskapinga og ikkje berre ulempene.
3. For Vang kommune er inntektene som vil falle bort som følgje av endringane sendt på høyring, ca 800.000 kr. Dette er inntekter som i dag er nødvendige for å oppretthalde og utvikle gode og tilpassa tenester til innbyggjarane også i framtida.
4. Vang kommune er kjend med høyringsuttalen frå KS av 21.august 2015 og støttar den.
5. Vang kommune, som er medlem i Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), stiller seg bak dei vurderingane som LVK gjer i denne høyringssaka. Vang kommune har vore med på å vedta vedlagde resolusjon på organisasjonen sitt landsmøte 21.august 2015.

Saka vart behandla i Formannskapet 03.09.2015

FS-028/15 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.